

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I SJUKEHUSAPOTEKA VEST HF

STAD: Møllendalsbakken 9, Bergen/Video Falketind
MØTETIDSPUNKT: 11.05.2016 KL. 12:00 – 16:00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Maria Borch Helsengreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem

FORFALL FRA STYRET

Inger Cathrine Bryne	Medlem
----------------------	--------

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Ola Rye	Kst. Adm. Dir
Tor Erik Tveit	Kst. Økonomisjef (sak 028/16 og 029/16)
Berit Berntsen	HR og organisasjonssjef (referent)

SAKLISTE

- Sak 021/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 022/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i
Sjukehusapoteka Vest HF 13.04.2016
Sak 023/16 Administrerande direktør si orientering
Sak 024/16 Årleg gjennomgang av styrande dokument
Sak 025 /16 Revidert møteplan 2016
Sak 026 /16 Risikovurdering 1. tertial 2016

UNDERLAG

- Vedlagt

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering:

- Sak 027/16 Eventuelt
Skriv og meldingar

Lukka del

Sak 028/16 og sak 029/16 vert handsama i lukka møte heimla i helseføretakslova §26a (2) nr. 4.

- Sak 028/16 Langtidsbudsjett 2017-21
(u. off. jf. Offentleglova §23.1) Vedlagt
- Sak 029/16 Verksemdsrapport per mars 2016
(u. off. jf. Offentleglova §23.1) Vedlagt

OPE DEL

Sak 021/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Innkalling og dagsorden blei gått igjennom.
Ingen saker meld til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 022/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte 13.04.2016

Oppsummering

Styret hadde ingen merknader til protokoll frå styremøte 13.04.2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteiknar protokollen frå styremøte 13. april 2016.

Sak 023/16 Administrerande direktør si orientering

Oppsummering

1. Rapportering tilsynssaker

*munnleg orientering om tilsynsmøte med SLV

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

*ingen endringar sidan siste styremøte

3. Oversikt over aktuelle høyringar

*notat ligg ved

4. Status utgreining organisering av sjukehusapotekføretak

*munnleg orientering

5. Strategiarbeid og Helse 2030

*munnleg orientering

6. Status oppfølging miljørevisjon.

*munnleg orientering

7. Status føretaksadministrasjon og leiargruppe i SAV

*munnleg orientering

8. Status samarbeid med Helse Vest Innkjøp HF

*munnleg orientering

Vedtak (samrøystes)

Styret i Sjukehusapoteka Vest tek orienteringa til vitande.

Mandat utgreining organisering av sjukehusapotekføretak vert sendt til Styret når dette føreligg.

Sak 024/16 Årleg gjennomgang av styrande dokument

Oppsummering

Styret etablerte i 2013 ein praksis med å få seg førelagt styrande dokument ein gong årleg. Tanken er å sikre god kunnskap og oversikt samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Dei styrande dokumenta som er lagt ved denne saka inkluderer, i tillegg til dei styrande dokumenta som vart lagt fram for styret i tilsvarande sak i 2015, konsept for intern kontroll i Helse Vest og Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest.

Det er etter det administrasjonen kan sjå ikkje gjort endringar i styrande dokument sidan sist gjennomgang i styret (sak 02915). Administrasjonen kan heller ikkje sjå at det er gjort endringar i lovverket eller styringsbodskapen eller på anna måte som skulle tilseier at det er behov for revisjon av Sjukehusapoteka Vest sine styrande dokument.

Vedtak (samrøystes)

Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument;

- Vedtekter for Sjukehusapoteka Vest HF, sist revidert i føretaksmøte 20. februar 2014
- Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- Styreinstruks for Sjukehusapoteka Vest HF
- Instruks for administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF
- Styrande dokument til Fullmaktsmatrise
- Fullmaktsmatrise
- Etiske retningslinjer for føretaksgruppa i Helse Vest
- Konsept for intern kontroll i Helse Vest
- Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest

Styret ber Administrasjonen i dialog med eigar vurdere å oppdatere vedtekter pkt. 5.2 , oppdatere tal styremedlemmer i Styreinstruks pkt. 2 samt påføre revisjonsdato i dokumenta.

Sak 025/16 Revidert møteplan 2016**Oppsummering**

I tidligare vedtekne årsplan for styret (sak 043/15) i Sjukehusapoteka Vest 2016 er det lagt opp til 8 styremøter i 2016 . Erfaringa så langt i 2016 er at det synest som styremøte kjem noko tett og at det kan være eit behov for å revidere årsplanen. Forslag til revisjon av årsplanen går fram av vedlegg 1 der forslag til endringar er merka med raud. Endringane er kort summert opp nedanfor:

Styremøte 23. juni 2016

Eventuelt kort telefonmøte om status utredning organisering. .

Styremøte 31.august 2016

Møte vert avvikla som planlagt. Sak om utredning av organisering og budsjettprosess 2017 vert lagt til i saklista.

Styremøte og styreseminar 5. oktober.

Vert avvikla med ein dag i forlenginga av Helse Vest sitt styreseminar 3. og 4. oktober i Stavanger. Sak om risikovurdering 2. tertial flyttast fram til dette møtet.

Styremøte 9. november

Møte utgår men ein kan avtale eit telefonmøte om dette viser seg naudsynt.

Styremøte 14. desember 2016

Inga endring.

Administrasjonen vil etter vedtak av revidert møteplan omgåande sende ut oppdatert outlook-invitasjon til styremøta i 2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek revidert årsplan for styret i Sjukehusapoteka Vest 2016.

Sak 026 /16 Risikovurdering 1. tertial 2016**Oppsummering**

Tiltak for å nå mål og styre risikoområde er lagt inn som ein del av ordinær handlingsplan for verksemda og med dette styre mot ein jamn risikoreduksjon gjennom dagleg drift.

Gjennom fyrste tertial i 2016 viser det samla risikobilete ein reduksjon for risikoområde 3 (SAV bidreg til å skape pasienten si helseteneste...) og risikoområde 4 (Alle arbeidsprosessar har standardisert god kvalitet...). Risikoområde 1 (Tal på legemiddelrelaterte skader som kan unngåast

..) er i hovudsak uendra men med noko auke risiko innan styringsmål 1.3 (SAV tek del i og sikrar oppslutning, engasjement og gode prosessar kring arbeidet med kurve) der ressurskrav og framdrift i regionale og lokale prosjekt pregar risikobilete for SAV.

Innan styringsmål 2 (SAV driv publikumsverksemda med ein tilfredstillande avkastning...) har størst usikkerheit i høve til å ta ned risiko, da ein ser at tiltak på dette området tar tid å implementere og at SAV er avhengig av nasjonal utvikling og prosessar i sjukehusføretak i vår region.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek risikovurdering per 1. tertial 2016 til etterretning.

**Sak 027/16 Eventuelt
Skriv og meldinga**

Ingen sakar meld.

LUKKA DEL

Sak 028/16 Langtidsbudsjett 2017-21

Oppsummering

Styret gikk gjennom langtidsbudsjett 2017 – 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtek langtidsbudsjett 2017 – 2021 for Sjukehusapoteka Vest HF med dei merknadar som framkom i møtet. Styret vil følgje utvikling innan gevinstrealisering etter ombygging publikum ved Sjukehusapoteket i Bergen og ynskjer at det vert arbeid vidare med samstemming med budsjetta til sjukehusføretaka.

Sak 029/16 Verksemdsrapport per mars 2016

Oppsummering

Styret gjekk gjennom rapport frå verksemda per mars 2016.

Vedtak (samrøystes)

Styret tek rapportering frå verksemda per mars 2016 til etterretning. Styret ber administrasjonen gje styret ei orientering om arbeidet med sjukefåvær i neste møte.

Ref. Berit Berntsen

11.05.2016

Maria Borch Helsingreen	Styreleiar
Olav Godtfred Klausen	Nestleiar
Jon Bolstad	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Inger Cathrine Bryne (sett)	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Marianne Saugestad	Medlem
Bente Mari Rolfsnes	Medlem
Gunvald Iversen	Medlem